



#### 2.4.4 NORDØSTARKTISK SEI

Sigbjørn Mehl

sigbjorn.mehl@imr.no

##### ► Status og råd

Seibestanden nord for 62°N er i god forfatning. Låg utnyttingsgrad dei siste ti åra har hatt ein positiv effekt på rekruttering og utvikling i bestanden. Etter ein lang periode med lågt bestandsnivå viste rekrutteringa ei markert betring med talrike årsklasser i 1988–1990 og i 1992 (Figur 2.4.4.1). Den gode rekrutteringa gav ei markert auke i både gytebestand og totalbestand. 1996-, 1999- og 2002-årsklassene er også gode,


elles har rekrutteringa i seinare år vore rundt middels nivå eller lågare.

ICES klassifiserte i 2006 bestanden til å ha god reproduksjonsevne og til å vera hausta bærekraftig. For 2007 tilrådde ICES at utnyttingsgraden vart halden under føre-var-nivå, noko som tilsvarer ein kvote for 2007 på under 247 000 tonn. Dette er noko høgare enn kvoten for 2006 og nesten 40 % over gjennomsnittsutbyttet for 1960–2005. Gytebestanden vil ifølgje dei siste bestandsutrekningane bli noko redusert dei nærmaste åra ved ei utnyttingsgrad

på føre-var-nivå. Havforskningsinstituttet tilrådde at det vart sett ein kvote ut frå den forvaltingsstrategien som Fiskeridirektoratet har utforma, tilsvarande ein kvote for 2007 på 194 000 tonn.


##### Fiskeri

Utbyttet av seifisket nord for 62°N var på 160 000 tonn i 2003, 162 000 tonn i 2004 og 176 000 tonn i 2005 (Figur 2.4.4.2), medan gjennomsnittsutbyttet for 1960–2005 var på 160 000 tonn. Kvoten for 2006 blei fastsett til 193 500 tonn, men utbyttet blir ein del høgare enn dette på grunn



**Figur 2.4.4.1**


Utvikling i totalbestand (3 år og eldre, mørkt + lyst område), gytebestand (lyst område) og rekruttering som 3-åringar (søyler). Tala for 2007 og 2008 er prognoser. Development of total stock biomass (age 3 and older, dark + light areas), spawning stock biomass (light area) and recruitment as 3-year-olds (bars). Figures for 2007 and 2008 are prognoses.



**Figur 2.4.4.2**

Utvikling i totalfangst (heile søyler) og norsk fangst (blå søyler). Tala for 2006 er prognoser. Development of total landings (age 3 and older, whole bars) and Norwegian landings (blue). Figures for 2006 are prognoses.

Foto: MAREANO



av norsk overfiske etter overreguleringar. Noreg dominerer fisket, med over 90 % av landingane dei siste åra, og sluttresultatet i 2006 ser så langt ut til å bli om lag 200 000 tonn. Det gjennomsnittlege norske utbyttet i perioden 1960–2005 var på 133 000 tonn. Dei ti siste åra har trålfisket stått for 40 % av dei norske landingane, not 25 %, garn 20 % og line, snurrevad og juksa 15 %. Norske styresmakter har ved fastsetjinga av kvoten for 2007 på 222 525 tonn delvis lagt til grunn ein revidert forvaltingsstrategi. Eit framtidig uttak på dette nivået vil ifølgje bestandsvurderingane redusera gytebestanden ned mot føre-var-nivå. Forvaltingsstrategien er ikkje endeleg vedteken, og ICES skal vurdera om den er i tråd med føre-var-tilnærminga.

Sei har ein kraftig og muskuløs kropp, og er ein god symjar. Den er lett å kjenne på det svake underbitet og den rette sidelinja. Sei førekjem både pelagisk og som botnfisk, frå 0–300 m djup. Den opptre ofte i tette konsentrasjonar og står pelagisk der straumen konsentrerer byttedyra. Hovudføda for den yngste seien er raudåte, krill og andre pelagiske krepsdyr, medan eldre sei i aukande omfang også beiter på fisk som sild, brisling, kolmule, augepål og hyseyngel. Seien er ein utprega vandrefisk som dreg på nærings- og gytevandringar. Stor sei følgjer norsk vårgytande sild langt ut i Norskehavet, av og til heilt til Island og Færøyane. Dei viktigaste gytefelta for sei i norske farvatn er Lofoten, Haltenbanken, bankane utanfor Møre og Romsdal og Tampen og Vikingbanken i Nordsjøen. Egg og larver blir førte nordover med straumen, yngelen etablerer seg i strandsona langs kysten frå Vestlandet og nordover til søraustleg del av Barentshavet og vandrar ut på kystbankane som 2–4 åring.

#### Northeast Arctic saithe

ICES classifies the stock to be harvested sustainably. Fishing mortality is stable and has since 1995 been below the precautionary level. The spawning stock has since 1994 been well above the precautionary level. After a long period of low stock size, the stock recovered during the 1990s with the recruitment of several above-average year classes. The catch of Northeast Arctic saithe is at present well above the long time average of about 160,000 tonnes. The ICES advice for 2007 was a total allowable catch (TAC) of less than 247,000 tonnes, corresponding to the precautionary level. Norwegian authorities set the final TAC at 222,525 tonnes). The spawning stock is expected to decrease over the next years.

Sei finst berre i Nord-Atlanteren. I den vestlege delen er det ei lita stamme ved Newfoundland. I den austlege delen har seien eit utbreiingsområde frå Biscaya og nordover vest av Dei britiske øyane til Færøyane, Island og Aust-Grønland. Austover går utbreiinga nord av Skottland og inn i Nordsjøen, der den sjeldan finst sør for 56°N. Innover i Skagerrak minkar mengda, og i Austersjøen er ikkje seien talrik. Sei finst langs heile norskekysten og vidare austover til Kolahalvøya. Den førekjem også ved Svalbard, men helst i små mengder. Seien i det nordaustlege Atlanterhavet blir delt i seks bestandar med hovudområde vest av Irland, vest av Skottland, ved Færøyane, ved Island, i Nordsjøen og på norskekysten nord for Stad (62°N). Merkeforsøk viser at det er vandringar mellom bestandane. Frå norskekysten kan det vera omfattande utvandring av ungsei frå dei sørlege områda til Nordsjøen og av eldre fisk frå meir nordlege områda til Island og Færøyane. Det er få eksempel på innvandring av sei til norskekysten.

## Sei

*Pollachius virens*

**Andre norske namn:** Kod, seikod, mort, palemort, grønspor, pale

**Familie:** Torskefamilien

**Maks storleik:** 20 kg og 130 cm

**Levetid:** Opptil 30 år

**Leveområde:** Langs norskekysten frå Stad til Kolahalvøya

**Hovudgyteområde:** På kystbankane frå Lofoten til Nordsjøen

**Gytetidspunkt:** Om vinteren med topp i februar

**Føde:** Raudåte, krill og andre pelagiske krepsdyr, sild, brisling, kolmule, augepål og hyseyngel

**Predatorar:** Sel og kval

**Særtrekk:**

Opptre i tette konsentrasjonar, står ofte pelagisk der straumen konsentrerer byttedyra.

#### Nøkkeltal:

**KVOTERÅD 2007:**

ICES: mindre enn 247 000 tonn,  
Havforskningsinstituttet: 194 000 tonn

**FASTSETT KVOTE 2007,**

TOTAL: 222 525 tonn,

NORSK: 200 525 tonn

**FANGST (PROGNOSE) SISTE ÅR (2006):**

TOTAL: 218 000 tonn,

NORSK: 200 000 tonn

**NORSK FANGSTVERDI (2005):**

770 mill. kroner

